




Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Klage - Meland - 1/73 - Flatøy - utviding av eksisterande kai - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.06.2019 med frist for å klaga 09.07.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for utviding av eksisterande kai på gnr. 1 bnr. 73 Flatøy.



Utval for drift og utvikling gjorde i møte 11.06.2019, saksnr. 56/2019, følgende vedtak:

*«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå arealformålet friluftsområde, frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner og frå byggeforbodet i strandsona, samt frå områdeplankravet i kommuneplanen sin arealdel, for utviding av eksisterande kai i samsvar med søknad journalført motteke 11.4.2019.»*

**Fylkesmannen i Vestland klagar på Utval for drift og utvikling sitt vedtak i møte 11.06.2019, saksnr. 56/2019.**

### Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i



arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova (pbl.) sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen rådde i frå dispensasjon i brev av 22.05.2019. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttale som grunnlag for si klage:

*«Fylkesmannen viser til at Meland ligg i sone 2 i Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen. I tillegg er Flatøy eit område i Meland med særleg stort press. Det skal mykje til for å gje dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø i eit slikt område. Området er også sett som friluftsområde i reguleringsplan for Flatøy sør/aust. Eit friluftsområde skal vere open for allmenta og ikkje byggjast ned med private tiltak. Område kaien skal utvidast til er i dag urørt svaberg og har verdi som landskapselement.*

*Fylkesmannen si vurdering er at utviding av kaien vil verke negativt på landskapet og føre til ytterlegare privatisering av strandsone og friluftsområde.*

*Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til utviding av kai på gnr. 1 bnr. 73»*

Kommunen har vore på synfaring i området og meiner at området ikkje eignar seg særleg som friluftsområde, og at det er vanskeleg tilgjengeleg. Fylkesmannen er samd med kommunen i at området ikkje er veldig tilgjengeleg for ålmenta. Vi meiner likevel at det er mogleg for ålmenta å nytte svaberga, og at ei utviding av kaia vil føre til auka privatisering av dette område. Vi meiner også at svaberga har ein eigenverdi som landskapselement.

Denne saka kan også føre til uheldige presedensverknadar i liknande saker, det er mellom anna fleire eigedomar i nærleiken som kan kome til å ynske seg ei større og betre bryggje. Ein dispensasjon i eit pressområde i kommunen kan også føre til uheldig presedensverknad i resten av kommunen.

Fylkesmannen si samla vurdering er at omsyna bak reguleringsplanen og byggjeforbod i strandsona, vert vesentleg sett til side dersom det vert gitt dispensasjon til utviding av kai jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen klagar difor på Meland kommune sitt vedtak av 11.06.2019, saksnr. 56/2019.

Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.



Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, skal saka sendast til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil deretter sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann som fattar endeleg avgjerd.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde  
fungerande kommunaldirektør

Åse Vaag  
fungerande seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*